

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
  
**DATO:** 01.09.2015  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Ivar Eriksen  
**SAKA GJELD:** **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 01.06.15 - 31.08.15**  
  
**ARKIVSAK:** 2015/1426  
**STYRESAK:** 074/15  
  
**STYREMØTE:** 21.09.2015

### Administrerende direktør si orientering pkt. 2

#### Oversikt over aktuelle lover i perioden 01.06.15 – 31.08.15

Lov	Dato for kunngjering	Kva lover/endinga gjeld
Pasient- og brukarrettigheitslova	19.06.15	<p>Endingar i reglane om dekning av utgifter til pasientreiser. Endingane skal forenkle og modernisere regelverket. Endingane gjeld mellom anna rett for begge foreldra til dekning av utgifter når barn blir lagt inn i institusjon, det skal bli mogleg å sende inn krav elektronisk, det blir færre krav til dokumentasjon og det blir innført standartakstar.</p> <p>Helse- og omsorgsdepartementet har varsla at ein tek sikte på at dei nye reglane tek til å gjelde i løpet av 2016.</p>
<p>Det er gjort enkelte endingar i lover og forskrifter som tek til å gjelde frå 1. juli 2015, jf. kopi av presseklipp frå Regjeringen.no nedanfor.</p>		

### Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringer i perioden 01.06.15 – 31.08.15

Forskrift	Dato for kunngjøring	Kva forskrifta/endringa gjeld
Forskrift om IKT-standardar i helse- og omsorgstenesta	09.07.15	Forskrifta stiller krav om at verksemdene skal føre pasientjournal elektronisk og ta i bruk standardisert funksjonalitet ved utveksling av elektroniske meldingar. Vidare blir det stilt krav til verksemdene om å ha oppdatert elektronisk adresse i Adresseregisteret i Norsk Helsenett SF.  Forskrifta tek til å gjelde frå 1. september 2015.
Det er gjort enkelte endringar i lover og forskrifter som tek til å gjelde frå 1. juli 2015, jf. kopi av presseklipp frå Regjeringen.no nedanfor.		

### Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 01.06.15 – 31.08.15

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Føretaksmøte i Helse Vest RHF	01.06.15	Det blei gjennomført føretaksmøte i Helse Vest RHF 1. juni 2015 for behandling av årleg melding for 2014, godkjenning av årsrekneskap og årsmelding m.m.
Tilleggsdokument til Oppdragsdokument 2015	30.06.15	Helse Vest har motteke tilleggsdokument til Oppdragsdokument 2015. Dokumentet inneheld firr kapittel med tilhøyrande mål og knytt til følgjande tema: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tildeling av midlar</li> <li>- Tiltak for å redusere variasjon i ventetid og effektivitet</li> <li>- Kvalitet og pasienttryggleik</li> <li>- Andre styringskrav</li> </ul> Sjå eigen sak.
Brev om tolking av helseføretakslova sine føresegner om eigarstyring, kommunikasjon og openheit i møter	30.06.15	Helse- og omsorgsdepartementet har i brev av 30. juni 2015 gjort greie for helseføretakslova sine føresegner om eigarstyring, kommunikasjon og openheit i møter.  Kopi av brevet følgjer vedlagt.

## **Lover og forskrifter som trer i kraft 1. juli 2015**

Nyhet | Dato: 30.06.2015 | [Helse- og omsorgsdepartementet](#)

Psykologer og tannleger får henvise til spesialisthelsetjenesten, og aldersgrensen for helsepersonell heves. Dette er noen av endringene som trer i kraft 1. juli 2015.

### **Psykologer får henvise**

Loven endres slik at psykologer skal kunne henvise pasienter til utredning og behandling hos avtalespesialist, rusbehandling og psykisk helsevern på sykehus. De som trenger spesialistbehandling vil dermed slippe å gå til fastlegen for å få henvisning. Det blir enklere for pasienten og mindre byråkratisk for helsetjenesten.

[Les om lovendringen](#)

### **Tannleger får henvise**

Regelverket endres slik at tannleger skal kunne henvise pasienter til spesialisthelsetjenesten. Tidligere har pasienter måtte oppsøke fastlege hvis de trenger dette. Nå slipper pasienter omveier fram til rett behandlingsinstans.

[Les om forskriftsendringen](#)

### **Hever aldersgrensen for helsepersonell**

Tidligere har autorisasjon bortfalt når helsepersonell fyller 75 år. Nå endres loven slik at aldersgrensen for bortfall av helsepersonells autorisasjon, lisens eller spesialgodkjenning heves fra 75 til 80 år. Dette vil gi bedre utnyttelse av eldre helsepersonells kompetanse og erfaring.

[Les om lovendringen](#)

### **Helseforetaksfinansierte legemidler (h-resept)**

Legemidler som helseforetakene har finansieringsansvar for, men som benyttes utenfor sykehus, rekvireres på h-resept. Ny forskrift legger til rette for oppfølging av legenes rekvirering og riktig økonomisk oppgjør mellom apotek og helseforetak ved utlevering av legemidler.

[Les om forskriftsendringen](#)